
Fra: Ragnhild Berge Feidje <Ragnhild.Berge.Feidje@vlfk.no>

Sendt: tirsdag 3. oktober 2023 13:00

Emne: Påminning: Invitasjon til politikarar og kommunedirektør til plankonferansen

Fylkeskommunen ynskjer å invitere politikarar og kommunedirektørar til Plankonferansen 2023.

I år arrangerer vi ein eigen parallellsesjon for politikarar og kommunedirektørar. I denne parallellsesjonen vil vi sitte i regionvise grupper, og diskutere med nabokommune-politikarane om framtidige utfordringar. Resultatet frå parallellsesjonen vil bli summert opp og sendt ut som informasjon til kommunane i forbindelse med dykkar arbeid med planstrategi. Vi oppmodar politikarar og kommunedirektør i din kommune til å delta i diskusjon om samarbeid, og framtidsbiletet i dykkar kommune og region. Vi håpar på god deltaking, for å få eit godt og breitt grunnlag om framtidens regionar i Vestland, og korleis vi saman skal løyse dei.

Gruppediskusjonane tek utgangspunkt i fire scenario utarbeida for Vestland. Scenarioa har titlane «Nøysame Vestland», «KI-drivne Vestland», «Tryggleiksvestland» og «Klimaherja Vestland». Vi tek utgangspunkt i desse når vi diskuterer regionvise utfordringar og løysingar. [Meir om Framtidsscenarioa kan ein lese her.](#)

Deltaking er gratis, men ein må sjølv bestille hotell og reise. Påmeldingsfrist er 10. oktober, [og du kan melde deg på her.](#)

Vedlagt denne e-posten finn de invitasjonen.

Ragnhild Berge Feidje
rådgjevar

plan, klima og analyse
næring, plan og innovasjon



tlf.: 57 63 82 15
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.